

UTSKRIFT av Hordaland fylkes landbruksstyre si møtebok
frå møte 23/10 - 1967.

Frådeling og førespurnad om å av ca. 100 da skog og 1/8 av
beiterett i NAMDALS felles utmark frå gnr. 82, bnr. 3 i Modalen.

Eigar: Alf NAMDAL.

I saka ligg føre 7 dokument etter dokumentlista.

16/7 -67 har Eilev NAMDAL skrive slik til landbruksstyret:

"Søknad om kjøp av skog og beitet.

Søker hermed om å få kjøpe og tilagt bruket mitt gardsnr.
82, bnr. 1 i Modalen resten av skog og beiterett tilhørende
Alf NAMDAL gardsnr 82 bruksnr i Modalen. Kjøpet omfattar
ca. 100 da skogsmark + 1/8 av beiteretten i NAMDALS felles utmark
som Alf NAMDAL eig.

Eigaren er arbeidsufør for alltid, og kan ikkje gjerda seg nytte
av skogen og beite.

Kan opplysa at bruksnr. 3 er fadelt bruksnr i tidlegare."

Dette skrivet er og underskrift av Alf NAMDAL.

Modalen skogutval har 15/9 -67 gjeve slik fråsegn:

"Modalen Skogutval har ingen ting å bemerkja til skogsålet (ca. 100
mål) frå Alf NAMDAL til Eilev NAMDAL."

Heradsagronomen har 27/9 -67 gjeve slik uttale:

"Sal av skog- og beiterettar i Modalen herad.
NAMDAL, gnr. 82, bnr. 3

I skriv dagsett 16/7 gjev Eilev NAMDAL melding om at
han har kjøpt resten av skog og beiteretten som tilhører gnr. 82,
bnr. 3, NAMDAL i Modalen, og heradsagronomen har vore på synfaring
av skogteigane og beitet, og vil koma med slik uttale:

Eine skogteig ligg ca 1,3 km frå innmarka på NAMDAL,
kalla Urasteigen, er ca 15 da. Denne teigen har mykje snauffjell, og
det er lite produktiv bjørkeskog som veks her. Den andre teigen,
kalla Vårstølteigen, ligg om lag 1,5 km frå innmarka. Den er på
omlag 25 da og har fin hogstmoen bjørkeskog som ligg lagleg til
for framdrift. Den tredje teigen som ligg 2,3 km frå innmarka på
NAMDAL er på ca 60 da. Av dette er om lag 40 da produktiv bjørke-
skog. Det er også ein fjerde skogteig, Skredteigen, denne teigen
er liten og ligg avsides til og er derfor av liten interesse. Alle
desse teigane ligg like inntil nordsida av Krossdalselva og med
bygdevegen til Nygard ikkje så langt ifrå sørsida av elva.

Beitet som er 1/8 av beiteretten i NAMDALS felles utmark er
vanleg godt fjellbeite som høver for sau og geit.

Tidlegare har bruket til kjøparen fått kjøpt av seljaren
sitt bruk ein skogteig og beiterett i heimhagen. Dette har fylkes-
landbruksstyret gjeve samtykke til. Om denne saka og opplysningar
om bruka på NAMDAL finn ein utskrift frå møteboka til Modalen
jordstyre den 27. juli 1963. Sak nr. 8/63. Sal av ein skogteig og
beiterett frå garden NAMDAL nr. 82, bnr. 3. Hordaland fylkesland-
bruksstyre hadde denne saka framme på møte 31. juli 1963.

Dei andre naboane på NAMDAL har denne gongen også vorte til-
spurde om deira interesser i dette salet. Alle desse har sagt
at dei ikkje har nokon interesse i å kjøpa desse teigane.

Tilråding: Gnr. 82, bnr. 3 er eit støttebruk der heile arealet burde vore nytta som tilleggsjord til eit av nabobruka på Nåndal, og dermed ville det styrkja eit av desse bruca sine vilkår som familiebruk. Det burde då vera høve til for eigaren av bnr. 3 å halda att våningshuset med ein liten tomt. Heradsagronomen meiner at denne frådelinga har lite å seia for bnr. 3, men er med å styrkja bnr. 1 sine vilkår for å verta familiebruk, Eg vil difor tilrå salet."

Jordstyret har i møte 28/9 -67 gjeve slit fråsegn:

"Sal av skog- og beiterettar frå garden Nåndal, gnr. 82, bnr. 3 i Modalen herad.

Seljar: Alf Nåndal, Modalen.

Kjøpar: Eilev Nåndal, Modalen.

Modalen skogutval har til-rådd salet. Jordstyret viser til heradsagronomen si utgreiing om skog- og beiterettane. Likeeins til utskrift frå tidlegare møte i Modalen jordstyre og Hordaland fylkeslandbruksstyre om bruca på Nåndal.

Fråsegn: Jordstyret rår samrøystes til at gnr. 82, bnr. 1 får kjøpa dei omsøkte skog- og beiterettar av gnr. 82, bnr. 3."

Fylkeslandbruksstyret vil gjera desse merknader:

Fylkeslandbruksstyret viser til sine merknader 31/7 - 1963 (sak nr. 157/63) og gjer no slikt samrøystes vedtak:

Fylkeslandbruksstyret samtykkjer i at den skogteigen og den beite-